



## Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/149585-15

Dykkar referanse:  
19/2058-19/22151

Vår dato:  
28.11.2019

### Uttale til dispensasjonssøknad – gbnr 18/12 Øvre Sagstad – Meland kommune

Vi syner til søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for ny bustad på eigedom gnr. 18 bnr. 12 i Meland kommune, motteke for uttale den 28.10.2019.

#### Om søknaden og sakshistorikk

Eigedom gnr. 18 bnr. 12 er registrert til landbruksføremål i kommuneplanens arealdel. Det er eit eksisterande våningshus på eigedomen i dag. Tiltakshavar ønskjer å bygge ny bustad og bruksendre eksisterande bustad til anneks/uthus, slik at det framleis vil vere ei bustadeining på bruket.

Det er tidligare søkt om ny einebustad på same eigedommen med annen plassering, som krevde samtykke til omdisponering, jf. jordlova § 9. Fylkesmannen i Vestlandet klaga på vedtaket og klagen vart stadfesta. Det er no føreslått ny plassering av bustaden.

#### Uttale

Statens vegvesen har ingen merknader til at det tillates bygging av ny bustad på eigedom gnr. 18 bnr. 12, med ein bustadeining. Vi legg til grunn at eksisterande bustad ikkje skal nyttast til bustadføremål, næringsverksemd eller tilsvarande, som vi gi auka bruk av avkjørsla til eigedomen eller auka trafikk på fylkesveg 244.

Eigedomen har ein dårleg utforma avkjørsla som kjem skrått på hovudvegen og har dårleg sikt. Vi vil difor oppmode til at avkjørsla vert utbetra.

Vidare sakshandsaming

Statens vegvesen har tidlegare motteke søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs veg for bustad på eigedomen. Før vi kan handsame denne søknaden må saka vere avklara etter plan- og bygningslova. Vidare handsaming etter veglova må difor vente til vi har motteke ein eventuell stadfesting av dispensasjon frå kommuneplanens arealdel.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*